

STATUSRAPPORT



17.03.17


NRK Nynorsk mediesenter

I 2016 fekk sju tidlegare nynorskpraktikantar fast jobb i NRK, éin på Tyholt og seks ved distriktskontora.

Per dags dato har vi sendt frå oss 125 nynorskpraktikantar og 59 prosent av dei arbeider i media. 48 prosent i NRK. Totalt har 51 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 44 av dei er i NRK.

Kull 26 er no i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, og kull 27 er lyst ut med søkerfrist 17. april.

Sterk start i redaksjonen



- Å, eg gler meg slik til 7. mars. Då kjem nynorskpraktikantane i redaksjonen, sa ein av vaktsjefane i NRK Sogn og Fjordane nokre veker før kull 26 skulle dit i intern praksis. For sjølv om det er ein stor jobb å rettleie og hjelpe dei med saker, vinklingar, språk og teknikk, så betyr praktikantane nye idear og fleire hovud.

Og kull 26 leverer: Snorre Sandemose laga ein reportasje om at folk ikkje stoppar når dei kjem til ein ulukkesstad. Saka gjekk både i lokalsendinga og i Nyhetsmorgen, før det vart oppslag på NRK.no. Eitt døgn etter publisering var artikkelen lest av over 80.000!

Espen Breivik fekk den første TV-saka si på Vestlandsrevyen allereie andre dagen, og den andre saka hans gjekk på Dagsrevyen med fokus på manglante postombering i distrikta.

Aleksander Båtnes bidrog sterkt i ei live-sending på nett og radio frå Vekao i Sogndal, der han mellom anna isbada på direkten og hadde andre direkteinnslag frå studentmiljøet.

Og Wibeke Bruland og Sigrid Sørungsgård Botheim debuterte med å få nettsaka si på framsida til NRK.no. Saka handla om at halvparten av legane her i landet er kvinner. Ei sak som høvde godt på nettet 8. mars.

Praksisplassane klare for kull 26

Frå 2. mai til og med 30. juni skal kull 26 i ekstern praksis: Wibeke Bruland i NRK Finnmark, Aleksander Båtnes i NRK Møre og Romsdal, Sigrid Sørumgård Boheim i Kulturnytt i NRK P2. Espen Breivik i avdelinga for økonomi og politikk i NRK Nyhende, og Snorre Sandemose i NRK Sogn og Fjordane. Boheim og Breivik har fått sommarjobb der dei er i praksis.



Frå venstre: Espen Breivik (1992), Wibeke Bruland (1984), Aleksander Båtnes (1992), Sigrid Sørumgård Boheim (1985) og Snorre Sandemose (1983).

Dei byrja på opplæringa som nynorskpraktikantar 4. januar i år, og sidan 7. mars har dei vore i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane i praksis. Der skal dei arbeide på alle plattformer – nett, sosiale medium, radio og fjernsyn - til dei reiser frå Førde 28. april. Dette er inntrykka deira så langt i opplæringa:

Wibeke Bruland, frå Utvik i Stryn:

- *Eg vart fortalt at læringskurva var bratt, men trudde ikkje heilt på det. No er eg sikker. Ho er bratt! Men alt vi lærer gir resultat, og det er kjekt å sjå saker eg har laga på fronten til NRK.no og i Vestlandsrevyen. Fleire morgenar har eg skrudd på radioen og vakna opp til reportasjar laga av meg sjølv eller ein av dei andre praktikantane.*

Då vi hadde redaktøren i Klassenkampen, Bjørgulf Braanen, som førelesar skulle vi fortelje om draumeyrket vårt. Eg har jobba med fleire av draumeyrka mine, og flettar kunnskapen saman i journalistyrket. Eg trur det er viktig å følgje draumar og søke på Nynorsk mediesenter om det er det ein vil, trass i tøffe tider i mediebransjen.

Aleksander Båtnes, frå Fiskarstrand, Sula:

- *Dagane på NRK Nynorsk Mediesenter er veldig ulike. Nokre dagar har eg hatt god tid til opplæring, tilbakemeldingar og fokus på detaljar. Neste dag har eg vore på kontoret til seint på kvelden, med høg puls, fordi ei sak må bli klar til sending neste morgen. Eg trur begge deler er like viktige erfaringar.*

Eg trur også at læringskurva til ein nynorskpraktikant vil vere veldig bratt, uansett kva erfaring ein har frå før. Du får testa deg sjølv på mange ulike felt, oppdage kor du treng forbetring og til slutt gjere den nødvendige jobben for å bli betre.

Sigrid Sørumgård Botheim, frå Lesja:

- Etter to månadar med opplæring på loftet, er vi no nede på desken på internpraksis. Det er fint å ta i bruk det vi har lært, og inspirerande å vera ein del av den daglege produksjonen. Vi har lært å laga saker for både radio, internett og fjernsyn. Samtidig lærer vi oss journalistisk metode og å laga saker med godt innhald – som kanskje er det aller viktigaste. Ei sak må vera god uansett kva plattform ein brukar. Som nynorskpraktikant får vi korte innføringar i det vi skal lære oss, også får vi øve oss på alt med ein gong. Eg likar at opplæringa er så praktisk, eg trur ein lærer mykje både av det ein gjer rett og det ein gjer feil.

Espen Breivik, frå Volda:

- No står vi allereie på eigne bein og arbeider side om side med dei andre journalistane i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Det er både spanande og utfordrande å lage saker som faktisk kjem "på lufta". Det gjer at ein legg mykje innsats i arbeidet. Det vert sett krav til oss, og vi er ikkje berre til pynt. Noko som gjer oss til dyktige journalistar. Vi lærer oss å kaste oss ut i saker vi ikkje nødvendigvis kjenner frå før, vere effektive og spisse og forenkle sakene våre, slik at dei er gode for det publikummet vi er til for. Som nynorskpraktikant har eg blitt ein modigare journalist, i tillegg til å bli stolt av nynorsk som eit godt journalistspråk.

Snorre Sandemose, frå Gulen:

- Det er lærerikt å gå her. Kursdagane er svært kjekke og spennande. Sjølve journalisttreninga er det aller mest lærerike, og også utfordrande. No sit vi og jobbar i lag med dei røynde journalistane til NRK Sogn og Fjordane, og det er inspirerande å sjå korleis dei er kløpparar i handverket sitt, og dei er rause og kjem med råd. Sjølv har eg framleis ikkje knekt koden for korleis ein lagar ei sak på ein blunk, og held seg stramt til fokus og nådelaust kuttar bort alt det som ikkje kan få plass i saka. Å få has på dette er ei utfordring. Eg gleder meg til å verte ein meister i fokusert og korthogd tale. Eg skal få det til.

Kull 25: To vikariat og tre sommarjobbar

Frå venstre: Kathrine Nygård, Anders Tesdal Galtung, Josef Benoni Ness Tveit, Marte Iren Noreng Trøen og Krista Lien Indrehus.

Den 1. mars var kull 25 ferdige som nynorskpraktikantar. Kathrine Nygård (1993) er i NRK Super. Frå 27. mars, og førebels til sommaren, er ho medprogramleiar i "Skolefri", der ho hadde praksis. Josef Benoni Ness Tveit (1997) fekk vikariat i NRK Nordland etter avslutta ekstern praksis der.

Krista Lien Indrehus (1989) hadde praksis i Norgesglasset i NRK P1, på Tyholt, men der var det ikkje noko ledig for henne etter avslutta praksis. Ho har fått sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane, og arbeider no som lærar i vaksenopplæringa i Trondheim.

Marte Iren Noreng Trøen (1990) hadde praksis i NRK Hedmark og Oppland, og held fram som tilkallingsvikar der. Ho har også fått sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Anders Tesdal Galtung (1994) hadde ekstern praksis i NRK Hordaland, og fekk sommarjobb der.

- No gjeld det meir enn nokon gong å treffe "rett" med kvar dei kjem i ekstern praksis. Dei må i redaksjonar som utviklar nynorskpraktikantane vidare, og gjev dei utfordringar som syner kva dei er gode for. I desse nedskjeringsstider er det mest slutt på tilkallingsjobbar i NRK, så skal dei få halde fram må det vere ledig eit vikariat. I tillegg til å syne seg dyktig nok, må praktikanten vere på rett plass til rett tid, seier Magni Øvrebotten.

17. april er søknadsfristen for kull 27

Andre påskedag er fristen for å søkje om plass på det 27. kullet med nynorsk-praktikantar. – Eg håpar verkeleg at nokon søker før påske, elles får eg ei trasig påskehelg, seier Magni Øvrebotten.

Ho uroar seg alltid for søkjartalet, og det kan vere lågt heilt til siste dagane og natta før fristen går ut. – Det er ei påkjenning, kvar gong, sjølv om eg etter 26 kull veit at det ordnar seg, seier Øvrebotten.

Ingen vert tilsette utan intervju, språk- og studiotest med personleg frammøte i Førde. Denne gongen er det faglærar Randi Indrebø og Magni Øvrebotten som tilset. Det skjer i byrjinga av mai. Kull 27 byrjar på opplæringa 21. august, og er ferdige til 1. mars 2018.

Handlingsplanen for nynorsk klar

Komande veke skal språkstyret ha føre Handlingsplanen for nynorsk i NRK. Endeleg vedtak er det redaktørmøtet til kringkastingssjefen som gjer. Dei som vil vite meir om kva planen inneheld av mål og tiltak kan fylge med på nettsida vår: www.nynorskmediesenter.no

Ingvild Bryn er vikar for språksjef Ragnhild Bjørge, som har foreldrepermisjon. - Eg har ansvaret for å presentera planen i ulike redaksjonar, men eg vil ha med meg leiar i språkstyret i NRK og medarbeidarar som bruker nynorsk. Språkkontaktane vil også vera viktige støttespelarar. Men ansvaret for gjennomføringa av planen vert først og fremst eit leiaransvar, seier Ingvild Bryn.

Bilete på framsida av denne statusrapporten er frå turen kull 26 hadde til Marienlyst 1.-3. mars, der dei mellom andre møtte fungerande språksjef/nyhendeanker Ingvild Bryn. Her syner ho dei dagsrevystudioet ho arbeider i til vanleg.

Barnebok og påskekrim



Ingunn Thon, i NRK Super, gjev ut barnebok på Samlaget. – Eg ville skrive om opplevinga rundt ein ny familiekonstellasjon fordi det er mange barn i dag som må takle det. Eg håpar dei kan finne trøyst og forståing i Ollis og hennar situasjon, seier Ingunn Thon.

Forlaget skriv at "Ollis" er ein spennande barneroman om venskap, familie og mot. Boka er illustrert av Nora Brech og målgruppa er ungar i alderen 6-9 år.

Påskekrimmen 2017

I år har Ingunn Thon skrive påskekrimmen til NRK Super. – Kvart år sidan 2012 har NRK Super laga sin

eigen påskekrim. Rolla som manusførfattar går på omgang mellom dei tilsette. - I år var eg utruleg heldig og fekk spørsmålet om å skrive den. Det har vore ei veldig artig utfordring! No er manuset i hendene til produksjonsteamet, og eg må berre vente spent på det ferdige resultatet. Det er 8 episodar à 5. minutt, som skal gå frå og med 8. april, fortel Thon.

Ingunn Thon var nynorskpraktikant på kull 10, i 2009. Ho fekk jobb i NRK Super same året, og har mellom anna vore programleiar for Jule- og Påskemorgon og dokkespelar.

Nynorskprisen 2017

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2017 er lyst ut. Fristen for å kome med framlegg er 1. april. Dette vert den siste prisutdelinga til noverande jury. Alle tre har sagt frå at dei ikkje tek attval. Departementet peikar ut ny jury til 1. juli.

Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk. Han skal delast ut under Dei nynorske festspela i Ørsta, fredag 30. juni. Kl.12.00. Prisen har vore delt ut sidan 2006 og den fyrste vinnaren var Linda Eide, NRK. I fjar var det Dag og Tid-journalisten, TV2 –profilen og debattanten Jon Hustad som fekk han.

Det har alt kome inn ein del framlegg til prisvinnarar, men juryen ynskjer seg fleire. Det er viktig å skrive ei god grunngjeving for kvifor

**Kulturdepartementets
nynorskpris for
journalistar 2017**

«Stor stas å oppleve å bli sett
– både for språket og for journalistikk.»
Prisvinner 2013 Jon Zabré, Stavanger Aftenblad

«Prisen var ei
god og motivator
leyremelding»
Prisvinner 2014 Linda Eide, NRK

«Når til ein fyr som meg
før denne prisen, må det vera eit
døme på at nynorskfolket er utan fordommar.»
Prisvinner 2015 Jon Hustad, Dag og Tid/T2

Kven skal få
**Kulturdepartementets nynorskpris
for journalistar i år?**

1. april er fristen for å kome med framlegg til kven som bør få Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i 2017. Skriv kort om kvifor juryen bør velge kandidaten din. Føre-målet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årlig ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, og er eit føredøme for andre.

Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk. Ein jury peikar ut prisvinnaren. Du finn meir om prisen på www.nynorskmediesenter.no. Spørsmål kan du sende til nynorskmediesenter@nrk.no eller ringe 970 55 201. Merk framlegga «**Nynorskprisen 2017**», og send dei til nemnde nettdresse, eller til NRK Nynorsk mediesenter, boks 100, 6801 Førde.

kandidaten du foreslår bør få prisen, og sende med døme på arbeid vedkomande har gjort.

Håkon Haugsbø er leiar for juryen. Han er kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, og har med seg redaktør Svend Arne Vee i Firdaposten, i Florø, og forfattar/journalist Agnes Ravatn, Valevåg. Leiaren for Nynorsk mediesenter er sekretær for juryen. Den oppgåva var Kulturdepartementet si gavet til senteret vart opna i 2004.

NYE JOBBAR:

Sju fekk fast jobb i 2016



Då vi summerte opp 2016 i førre statusrapport var det fem tidlegare nynorskpraktikantar som hadde fått fast jobb i NRK. Men sist i desember fekk to til fast arbeid: Martin Torstveit i NRK Telemark, og Ine Eftestøl i NRK Finnmark. Dermed vart det like mange faste tilsettingar i 2016 som i 2015.

– Redaksjonen i Telemark er ein flott arbeidsstad og eg trivst godt på Borgeåsen i Porsgrunn. Eg har fått mykje tillit frå fyrste dag, og arbeidsmiljøet er veldig godt. Dei varierte arbeidsoppgåvene er eit stort pluss, og eg kjenner meg privilegert som har fått fast jobb NRK, seier Martin Torstveit. Han gjer alt ifrå å vere videojournalist til å lese nyhende på radioen, arbeider som fotograf og med nett og sosiale medium. Og nyleg fekk han opplæring til å verte produsent på Telemarksendinga. Torstveit gjekk på kull 24.

Ine Eftestøl flytta frå Rogaland til Alta og NRK Finnmark rett over nyttår. Ho også arbeider med både TV, radio nett og SoMe, men mest video. - Det er veldig kjekt og lærerikt å arbeide såpass variert, og ingen dagar er like. Eg trivst veldig bra, og blei teken imot på strålende vis av redaksjonen i Finnmark. Alle har vore fantastisk imøtekommende, hjelsame og varme overfor ei som er helt ny, både i fylket og i landsdelen, seier Ine Eftestøl (kull 21).

Dei fem andre som fekk fast jobb i 2016 var: Kjersti Anderdal Bakken (kull 23) i Norgesglasset, NRK P1, Tyholt. Aleksander Åsnes (kull 24) i NRK Sogn og Fjordane, Sigrid Agnethe Hansen (kull 21) i NRK Troms, Sondre Dalaker (kull 15) og Adalheidur Oldeide (kull 18) i NRK Sogn og Fjordane.

Gruppeleiar i teknologi



Ingvil Aaen Torpe er nyleg tilsett som gruppeleiar i teknologi i Region Vest i NRK.

Ho vert ein av to gruppeleiarar under teknologisjefen i Region Vest, som omfattar distriktskontora NRK Rogaland, NRK Hordaland og NRK Sogn og Fjordane.

Torpe har for tida foreldrepermisjon og byrjar i stillinga i mai. Ho kjem frå ei stilling som klippar, men har også arbeidd som vaktsjef for programmet Førkveld, prosjektleiar for Påskekveld og no sist som redaktør for programmet Superbonden, som gjekk på NRK 1 i vinter.

Ingvil Aaen Torpe var nynorskpraktikant på kull 12, våren 2010, og hadde ekstern praksis i NRK i Bergen. Ho fekk fast jobb der i 2013 og har hatt mange ulike jobbar på Minde. Det har følgt leiaransvar med fleire av dei.

Digital historieforteljar



Sølve Rydland er tilsett i ein ny jobb i programavdelinga i NRK Hordaland, som digital historieforteljar. Han skal arbeide med dokumentar- og faktaprosjekt.

- Publiseringa skal først og fremst vere tekst, bilete, lyd og video på nett, men prosjekta kan også enda opp som podkast, i radio eller fjernsyn. Eg gler meg til å kunne grava meg ned i større prosjekt, og å utvikla meg sjølv som forteljande journalist, seier Sølve Rydland.

Sølve Rydland gjekk på det tredje kullet med nynorskpraktikantar, 2005/06. Han hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt, og var tilkallingsvikar i NRK Hordaland medan han studerte samanliknande politikk i Bergen. Han fekk fast jobb der i 2010. Rydland har hatt allsidige oppgåver som journalist, med politikk og sport som ein litt sjeldan kombinasjon av fagfelt. Han har også vore kommentator, vaktsjef og reportasjeleriar i NRK Hordaland

To til museum



Håvard Tvedte er tilsett som direktør for Sunnhordland museum og Eva Marie Felde som formidlingsleiar på Nordfjord folkemuseum. Ho har sagt opp i NRK Sogn og Fjordane og byrjar i den nye jobben 2. mai. Håvard Tvedte byrja som direktør i januar, og kom då frå stillinga som ansvarleg for kommunikasjon i NCE Maritime CleanTech på Stord.

Både Tvedte og Felde gjekk på kull sju med nynorskpraktikantar, i 2007/08 (bilete over er frå den tid). Begge hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt og arbeidde ei tid der etterpå. Håvard Tvedte fekk i 2009 fast jobb i Stortingsbiblioteket, og var mellom anna nestleiar der. Etter at han flytta til Valevåg i Hordaland i 2015 arbeidde han som kommunikasjonssjef på Stord.

Eva Marie Felde var informasjonsrådgjevar i Datatilsynet og trainee ved Høgskulen i Sogn og Fjordane før ho kom til NRK Sogn og Fjordane, først som vikar og fast tilsett sidan 2015. Eva Marie Felde bur med familien sin på Breim, og har pendla til turnusarbeid i Førde. Ho grunngjev byte av jobb med at det blir lettare å få dagane til å strekke til med arbeid på Sandane.

Redaktør for ny nettavis

Stord24.no er namnet på ei ny nettavis, med Jonas Sætre som redaktør. Han har med ein som sel lysingar. Medeigar i Stord24.no er Jostein Sydnes, som til dagleg arbeider i reklamebyrået Sydvest. Mediekonsernet Schibsted er også med på laget.



Sætre fortel til Medier24 at ambisjonen er å lage ei gratis og annonsefinansiert avis, som kan dekke små og store hendingar på Stord.

Jonas Sætre var nynorskpraktikant på kull 14, i 2011. Han hadde praksis i NRK.no og arbeidde der i 2,5 år etterpå. Sidan var han journalist i Dagbladet, Aftenposten og Bergens Tidende, og møtesekretær i Stord kommune.

Siste året har han vore frilansjournalist og produsent/programleiar for sin eigen podkast www.utenfilter.net. Truleg den einaste podkasten på nynorsk her i landet.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. mars 2017 har vi sendt frå oss 125 nynorskpraktikantar og 59 prosent av dei arbeider i media. 48 prosent av dei arbeider i NRK. Totalt har 51 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 44 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, P2-programma Ekko og Spillerom, Norgesglasset, Kveldsåpent og Nattradioen i NRK P1 og ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, som gjestebookar i Senkveld i TV 2, og i avisene Møre-Nytt, Telemarksavisa og Drammens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv, i produksjonsselskapet Monster og som journalist og SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark Blad.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i til dømes: Språkrådet, Kirkens Nødhjelp, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Bisqit Norge, Norske Kunstforreninger, Senterpartiet si stortingsgruppe, Von kommunikasjon og Statistisk sentralbyrå.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017.



Marte Iren Noreng **Trøen** (1990) tilkallingsvikar NRK Hedmark og Oppland, og har fått sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Anders Tesdal **Galtung** (1993) student med sommarjobb i NRK Hordaland. Krista Lien **Indrehus** (1989) lærar i vaksenopplæringa i Trondheim, og har fått sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Josef Benoni Ness **Tveit** (1997) vikar i NRK Nordland. Kathrine **Nygård** (1993) er medprogramleiar i "Skolefri", NRK Super. Ho skal ha sommarjobb i NRK Møre og Romsdal.

Kull 24: 4. januar – 30. juni 2016



Martin **Torstveit** (1992) er fast tilsett i NRK Telemark. Martha **Våge** (1989) er vikar i programmet Spillerom NRK P2, May-Helen **Rolfsnes** (1993) er vikar i NRK Hordaland. Solveig **Svarstad** (1989) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, og har siste månadane også vore vikar som programleiar i Vestlandsrevyen. Aleksander **Åsnes** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) er fast tilsett i NRK P1, Tyholt. Thomas **Brakstad** (1989) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Line Omland **Eilevstjønn** (1993) er prosjektleiar for SoMe-satsinga til Vest-Telemark Blad, og journalist i avisa. Elise Sundfør **Erdal** (1986) er lærar i vaksenopplæringa i Oslo, og Even **Lusæter** (1979) er vikar i NRK Hedmark og Oppland.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Bård Holmen **Solvik** (1985) er vikar i informasjonsavdelinga til Statistisk Sentralbyrå (SSB). Olav Åsen **Haugsgjerd** (1988) studerer historie ved Universitetet i Bergen. Gunhild **Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og studerer praktisk pedagogikk ved Universitetet i Oslo. Steinar **Daltveit** (1989) er frilansar og standupkomikar, og Signe Fuglesteg **Luksengard** (1990) er tilkallingsvikar i NRK Supernytt og arbeider som frilansar, fotograf og journalist.

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias **Engevik** (1995) studerer TV-teknikk ved Høgskulen på Lillehammer og er tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland. Tor-Erik **Humlen** (1988) er vikar som gjestebookar i programmet Senkveld i TV 2. Ine **Eftestøl** (1984) er fast tilsett som journalist i NRK Finnmark, Hibba **Sarmadawy** (1987) er tilkallingsvikar i VG og Sigrid Agnethe **Hansen** (1989) er fast tilsett journalist/ programleiar i NRK Troms.

NRKs rekrutteringsprogram

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trøngen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidrarar.

Gjeldande formuleringar vart vedtekne i direktørmøte 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Her er grunnregelen med kommentarar og utdypingar:

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal ges prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping: Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søker.

Formulering ved *interne utlysingar*: Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysningsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan söke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan sökje på denne stillinga.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for some, nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. I budsjettforliket i Stortinget fekk dei 2,7 mill. for 2017. Firda Media løyver 560.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

Samarbeider om kurs og førelesingar

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk.

Sidan hausten 2015 har vi invitert journalistar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på aktuelle gjesteførelesingar. I 2016 nyttar 15 journalistar seg av tilbodet.

I 2017 har vi sendt ut tilbod om ti slike kurs/førelesingar. Mellom anna i intervjueteknikk, datastøtta journalistikk og digitale forteljemåtar, fotojournalistikk, samfunnsoppdraget, kritisk til makta, den levande nettreportasjen og korleis brukte sosiale medium som journalist.